

9612



NISS13020200



THOMAS

BERNHARD

Ritter

Dene

Voss

det norske teatret

forebels

Teatersjefen er så å seie avhengig av oss
 ikkje vi av han
tar seg ein slurk
 Og om vi ikkje har lyst til å spele
 ikkje på fleire år
 spelar vi berre ikkje
 og når vi har lyst til å spele
 spelar vi Shakespeare og liknande
 eller ei blind i eit smaklaust stykke
 To minuttars opptrinn
 Teaterkunsten er berre fri
 for den som eig ein og femti prosent av aksjane
 Ærleg talt
 for meg held det å opptre
 ein gong annakvart år
 men det tyder ikkje
 at eg ein einaste dag
 forsømmer talentet mitt
 i to månader har syster vår øvd på den blinde
 framfor vindaugget
 og sidan ho i eitt av desse to minutta
 skal danse
 tar ho eit kurs på ein danseskole
 der ho lærer seg
 korleis dei blinde dansar
 Det er ikkje så enkelt som du trur
 Sannsynlegvis er vi dei einaste
 som førebur oss så grundig til vi skal opptre
tar seg ein slurk
 Vi har tid
 til å bygge oss opp

Voss

som framleis sit og ser på portrettet av mora
 Vi tre
 har aldri passa i lag
 For eksalterte
 For uvanlege

Intelligente sysken
Faktisk er det ingen som fordrar oss
eller i det minste har dei alltid vore mistenksame
mot oss
Uhyggelege
har dei alltid skulda oss for å vere
Sikkert fordi eg er åndsforvirra
Dei største ambisjonar
Sjølvmorderisk lengsel etter andre menneske
har vi alle tre
Når vi trur
at no skal vi roe oss ned
hissar vi oss opp
Vi går ut frå
at alle andre er inkompetente
bekymrar oss
innbillar oss
at vi skal kunne bli redde
Sjølvmorderisk lengsel etter andre menneske
tar ei notisblokk ut or lomma, slår den opp og les
Til denne dag har vi ikkje gjort ein einaste ting rett
Tolvte juli
altså for to dagar sidan
legg notisblokka tilbake
Alle feila har hopa seg opp
reiser seg og går til portrettet av mora, peikar mot ein stad i ansiktet
hennar
Her
det her har du òg
Slikt tenkjer vi på
heile livet
ikkje på noko anna
til vi gir opp
fordi livet er meningslaust
og aldri kan få meining
kviskrar
Mellom oss sagt
Eg går ikkje til Frege

Eg hatar Frege
Eg hatar legane
men dokter Frege
hatar eg aller mest
Desse folka overøser oss heile tida
med dei dårlege råda sine
ser ikkje noko
tenkjer ikkje
handlar morderisk
og kallar seg for huslege
ser på portrettet av mora
Det var mor
som ville alt vondt
ikkje far
mor er den skuldige
ikkje far
set seg
Halde på med Schopenhauer ei stund
med Nietzsche
Fatale vennskapar
Papirtilknytingar
Bokbrør
Trykte kjærleiksforhold
Til slutt er det ikkje anna
enn ekkelt
Vi går inn i bøkene
som i vertshus
svøltne
tørste
utsvøltne barnet mitt
Først blir vi tatt godt imot
blir servert
men så blir vi servert dårlegare og dårlegare
og så blir vi servert endå dårlegare
og til slutt blir vi kasta ut
eller vi går ut frå vertshuset med det same
fordi det stinkar slik der
at vi ikkje held det ut